

## Tilskot basert på barnetal haust 2021 (15.12.21)

### Fjellheim FUS Friluftsbarnhage AS

	Små born	Store born	
<b>Satsar:</b>			
Driftstilskot	214 080	101 555	
Kapitaltilskot	9 400	9 400	
<b>Sum satsar</b>	<b>223 480</b>	<b>110 955</b>	
<b>Tal på born</b>	<b>19,00</b>	<b>28,00</b>	
			<b>Heilårsverknad</b>
Utbetaling	4 246 120	3 106 740	<b>7 352 860</b>
<b>Første utbetaling 2022 - første kvartal</b>			<b>1 838 215 kr</b>

FJELLHEIM FUS FRILUFTSBARNEHAGE  
Fitjarvegen 1255

5419 FITJAR

Dykkar ref:

Vår ref:  
2022/677-52234/2022

Sakshandsamar:  
John Karsten Raunholm

Arkivkode:  
223

Dato:  
03.05.2022

## Administrativt vedtak

### Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS - kommunalt tilskot drift 2022

#### Saka er handsama som DS 33/22

Fitjar kommune viser til barnehagelova § 14 om kommunen si plikt til å yta tilskot til drift av alle godkjende, ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. Me viser og til rundskriv Udir-7-2014 om likeverdig handsaming ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje kommunale barnehagar. 3 åringane vert rekna som små i vårhalvåret og som store i hausthalvåret jf. artikkel frå Udir datert 30.07.2013. Viser også til forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar gjeldande frå 01.01.2016. Kommunestyret i Fitjar har i sak 8/21 vedteke lokale retningslinjer i samsvar med § 7 i forskrifta (rundskriv 7-2014).

Vedlegg1: Kopi av vedtekne lokale retningslinjer.

#### Følgjande vedtak er fatta:

For heile	Utbetalt	Utbetalt pr. mnd.
Året	januar – mai	juni – desember
Kommunalt tilskot: kr. 7.352.860,-	kr. 3.063.691,-	kr. 612.738,-

#### Tildelt beløp inneheld det barnehagen får i driftstilskot, kapitaltilskot, pensjonskostnadar og administrasjonskostnadar.

Dokumentasjon – vedlegg 2: Utrekning av tilskot 2022 Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS med grunnlag i rapport frå barnehagen om tal barn, alder og opphaldstid pr. 15.12.2021.

#### Grunnlag for vedtaket:

Tilskotet er rekna ut frå årsrekneskapen i 2020 for den kommunale barnehagen med innlagde pensjonskostnadar for barnehagen (10 % påslag for lønskostnadane + arbeidsgjevaravgift) Årsrekneskapen er indeksregulert med deflator for året før tilskotsåret og deflator for tilskotsåret. Kommunal deflator (3,3 % for 2021 og 2,5 % for 2022) er sett av Finansdepartementet.

*Dokumentasjon - vedlegg 3: Kostnader/rekneskap 2020 for Fitjarstølane barnehage m/ pensjon.*

Driftstilskotet pr. heiltidsplass pr. år er endeleg utrekna til :  
For barn under tre år (fødde 2019 eller seinare): kr. 214.080,-  
For barn over tre år (fødde 2018 eller tidlegare): kr. 101.555,-

*Dokumentasjon - vedlegg 4: Endeleg utrekning av satsar heiltidsplassar*

Pensjonspåslaget utgjer kr 22.324,- for kvar heiltidsplass for små barn , og kr 12.402,- for store barn. Kommunen sin eigen pensjonsutgift pr. årsverk er estimert til kr 74.456,- i 2022. Dersom Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS har vesentleg høgare pensjonsutgifter enn det som vert dekkja gjennom denne utrekninga, har de etter søknad krav på å få dekkja desse pensjonsutgiftene. Pensjonsavtalen må vera inngått før 1. januar 2021.

Fitjar kommune har etter § 5 i forskrifta (01.01.2016) rekna 4,3 % påslag for administrasjonskostnader.

Dokumentasjon- vedlegg 4: Utrekning av satsar heiltidsplassar.

Tilskot til kapitalkostnader er rekna ut med grunnlag i nasjonale kostnader for kapitaltilskot for 2022. Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS er bygt før 2010 og utløyser av den grunn ein nasjonal sats tilsvarande kr 9.400,-

Rapportering av barnetal pr. 15.12.21 gir utgangspunktet for utmåling av det kommunale tilskotet for 2022. I tillegg seier vedtekne lokale retningslinjer at Fitjar kommune skal justera dette ved å nytta teljing pr. 01.08.22 om kor mange barn det faktisk er i barnehagen, alderen på barna og opphaldstida. Barnehageeigar skal dessutan melde frå til kommunen om driftsendringar (auke/reduksjon +/- 2 plassar eller meir eller større driftsendringar) som skjer gjennom året og som får verknad for allereie utmålt tilskot.

Regelverket seier at tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar i 2022 skal utgjera 100 % av det den kommunale barnehagen har i offentleg finansiering i 2022. Dette er fylgt opp i vedtaket. Det vert teke atterhald om at kommunen kan gjera om vedtaket dersom vedtaket og/eller grunnlaget for dette inneheld reknefeil eller andre faktiske feil. Fitjar kommune gjer merksam på at barnehageeigar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det barnehagen har krav på, må betala tilbake eit tilsvarande beløp – sjå forskrifta § 10.

#### **Andre opplysningar:**

Fitjar kommune har utbetalt kr kr.. 3.063.691,-i tilskot for perioden januar- mai. Resten av tilskotet vert fordelt på dei 7 attverande månadane i samsvar med vedtekne lokale retningslinjer. I tillegg til driftstilskot, kapitaltilskot, pensjonskostnader og administrasjonskostnader vil Fitjar kommune kunne utbetala tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Ein føresetnad for slikt tilskot er at barnehagen har behov for ekstra midlar til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Fitjar kommune tildeler slikt tilskot for kvart halvår etter grunnjeven søknad frå barnehagen. Barnehagar vil på dette arbeidsområde kunne få tildelt personalressurs med spesialpedagogisk kompetanse i staden for økonomisk tilskot. Ressursar vert prioriterte inn mot barnehagar med størst behov i høve til tenester for barn med nedsett funksjonsevne.

Kommunale kostnader til spesialpedagogisk hjelp vert ført på eiga teneste og inngår ikkje i den ordinære drifta av den kommunale barnehagen. Kommunen refunderer inntektstapet til dei private barnehagane der foreldre har fått vedtak om redusert foreldrebetaling. Dette gjeld for 2 ordningar.

1. Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga. Ordninga går ut på at ingen skal betala meir enn 6 % av inntekta si til barnehagen (gjeld den samla inntekta til husholdninga).
2. Gratis kjernetid for 2, 3, 4 og 5-åringar. (Gjeld for husholdningar med lågare inntekt enn kr 583.650,-)

Kommunen gir etter søknad tilskot til kompetanseutvikling i ikkje-kommunale barnehagar. Dette er då andel av midlar kommunen vert tilført via Statsforvaltaren. Det vert gjort merksam på at kommunen kan setja i verk kontroll av at tilskotsmidlane vert nytta etter føresetnadane.

Ikkje-kommunale barnehagar som tek imot tilskot, må som tidlegare fylla ut og levera rekneskapskjema attestert av revisor. (Rapportering i september kvart år)

Saka er handsama administrativt etter fullmakt frå Rådmannen i følgje delegert mynde.

#### **Klagerett:**

Barnehageeigar kan klaga på dette vedtaket. Dersom du vil klaga, er fristen tre veker frå du har motteke vedtaket. Klagen må vera skriftleg og du må grunngje kvifor du vil klaga. Du sender klagen til Fitjar kommune ved etatsjefen, postboks 83, 5418 Fitjar.

Dersom kommunen ikkje er samd i klagen din, vil me senda den til Statsforvaltaren, som endeleg klageinstans for vedtak etter § 14 andre ledd i barnehagelova.

Du har rett til å sjå dokumenta i saka. Dersom du alt har fått alle dokumenta i saka, skal kommunen opplysa om det.

Fristen for å klaga på eit enkeltvedtak er fastsett i forvaltningslova § 29. Regelverket for å sjå dokument i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 og 19.

Vedtaket er fatta av:

John Karsten Raunholm  
etatsjef oppvekst og kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur.*